



Ole Torbjørn Holmedal (FrP) og påartifellen Tove Lill Lakselv frå Uskedalen. (Foto: Kvinnheringen)

**Eit forslag Erling Boland (Ap) sette fram på vegner av fleirtalskoalisjonen skapte forvirring i kommunestyret i dag då det skulle handsama planen for strukturendringar i skulen.**

**Forslaget fekk motstandarane av skulenedlegging til å jubla, skriv Kvinnheringen.**



**Kva fører skulestruktursaka til for Uskedalen-skulen? Det veit ingen i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)**  
**Forslaget såg heilt bort frå det som låg iinnstillinga frå rådmannen.**

Det tok utgangspunkt i at utbygginga av Undarheim skule skal prioriterast på topp når Rosendal ungdomsskule er ferdig utbetra. Før planlegginga av skuleoppustinga på Husnes kan starta, skal det leggjast fram arealbruksplanar for fagkomité, formannskap og ulike råd.

Detskal vurderast alternativ utviding av barneskule og eventuelt ungdomsskule, alternativ utvikling av idrettshall og idrettsbane. I forslaget som etterkvart fekk tilslutning frå FrP, vart det føreslått å vurdere om ein skulle bygga heilt nytt skulebygg framfor å opprusta eksisterande skulebygg.

Mange oppfatta dette forslaget som at fleirtalet no gjekk frå alle planar om å leggja ned skular i kommunen. Blant desse var Ole Torbjørn Holmedal (FrP).

– Planane om nedlegging av skular er lagt død. I staden prioriterer vi å få opp kvaliteten på skulane, sa ein nøgd Holmedal.

Marit Elisebet Totland (KrF) var sjokka over forslaget som låg an til å få eit stort fleirtal.

– Eg veit ikkje om eg skal le eller grina. Eg kjenner meg som svarteper. Dette er ingen plan for strukturendring. No startar vi på minussida igjen, sa Totland.

Men så starta forvirringa. Innebar dette forslaget at debatten om endring av skulestrukturen verkeleg var lagt død? Ikkje alle oppfatta det slik.

– Eg oppfattar forslaget som at dette er starten på arbeidet med endring av skulestrukturen, slik det vart vedteke i november. Er det ikkje det, kan ikkje eg røysta for forslaget, sa Synnøve Handeland (V).

Rådmannen hadde lik oppfatning av forslaget som det Handeland hadde.

Erling Boland (Ap) kom med ei presisering av kva forslaget innebar.

– Det som ligg i forslaget, er at vi må koma i gang med prosessen for ei opprusting av Undarheim skule. Kva den prosessen vil føra til vidare, veit eg ikkje. Det får vi ta seinare, sa Boland.

Men presiseringa frå Boland hjelpte lite på forvirringa. Det enda med eit nytt gruppeleiar møte, før Synnøve Handeland (V) sette fram forslag om å senda innstillinga frå rådmannen tilbake til fagkomité og formannskap for ny handsaming. Slik vart det.

Forslaget frå fleirtalskoalisjonen vart trekt, og forslaget frå Handeland vart samrøystes vedteke.